

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C50	14/140

Saknr	Utval	Type	Dato
090/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016

Oppstart av arbeidet med kulturminneplan for Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune startar i medhald av Plan- og bygningslova sin § 11-12 opp arbeidet med ny kulturminneplan for perioden 2017-2024.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har ein kulturminneplan som galdt for perioden 2008 til 2012. Av kapasitetsgrunnar har ikkje arbeidet med ny plan blitt prioritert. Etter søknad har kommunen fått tilsegn om kr 100000 frå Hordaland fylkeskommune til å laga ny plan. I planstrategien som vart vedteken i kommunestyret 28.09.2016, er det sagt at arbeidet med ny kulturminneplan skal ta til våren 2017. Rådmannen ynskjer no å setja arbeidet i gang. Det er nødvendig med eit formelt politisk vedtak om oppstart av arbeidet.

Fakta/Vurdering

Rådmannen vil no starta opp arbeidet med ny kulturminneplan. Planen skal utarbeidast i samsvar med reglane gjevne i Plan- og bygningslova. Planen bør ha ein tidshorisont på 8 år og skal rullerast årleg. Før me kan laga ein ny plan, må det gjerast eit grunnlagsarbeid med systematisk kartlegging av verneverdige bygningar og andre kulturminne. Ein vil prøva å få til lokal medverknad frå grunneigarar og eigarar av verneverdige bygningar, kulturinteresserte personar, frivillige lag og andre. Gjennom kartlegging og lokal medverknad vil ein få samla materiale til å kunne laga ein ny kulturminneplan. Planen må sjåast i høve til samfunns- og arealdelen i kommuneplanen. Kulturminna må førast inn i registeret Askeladden.

Rådmannen meiner det bør setjast ned ei administrativ arbeidsgruppe som går gjennom gjeldande plan med tanke på kva erfaringar ein har gjort seg og kva ein ser føre seg å gjera på dette området i perioden. Arbeidsgruppa hentar inn synspunkt frå det administrative og politiske miljøet i kommunen og frå andre samarbeidspartar. Med dette som bakgrunn kan administrasjonen laga eit utkast til ny kulturminneplan. Utkastet blir så sendt ut på ei brei høyring før det vert utarbeidd eit endeleg plandokument som må slutthandsamast i kommunestyret.

Framlegg til framdriftsplan:

Tidspunkt	Aktivitetar
13.desember 2026 Desember 2016	Vedtak om oppstart i kommunestyret Kunngjering om oppstart
Januar – april 2017	Synfaring, fotografering og kartlegging av kulturminne. Registrering i Askeladden Arbeidsgruppa lagar utkast til plan
Mai 2017 Juni 2017	Folkemøte om utkast Framlegg til plan blir lagt ut til offentleg ettersyn
Juli - september	Utarbeiding av endeleg plan
Oktober 2017	Handsaming i kommunestyret

Konklusjon

Rådmannen rår til at formannskapet gjer vedtak om å starta opp arbeidet med ny kulturminneplan for perioden 2017-2024.

Kommunestyret - 090/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Oppvekstleiar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Jon Hope (KrF) sette fram følgjande framlegg som tillegg til vedtak:

Fylgjande punkt vert teke med i den nye kulturminneplanen:

1. Merking av Matrehola (Storsetehelleren)
2. Merking av Kringlebotnstien
3. Merking av Fossen nedlagde kraftverk

Framlegg til vedtak med tillegget frå KrF vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune startar i medhald av Plan- og bygningslova sin § 11-12 opp arbeidet med ny kulturminneplan for perioden 2017-2024. Fylgjande punkt vert teke med i den nye kulturminneplanen:

1. **Merking av Matrehola (Storsetehelleren)**
2. **Merking av Kringlebotnstien**
3. **Merking av Fossen nedlagde kraftverk**

